

Rettleiing for utfylling av vedlegg til søknad om digital innhaldskonsesjon

1. Det obligatoriske vedlegget skal fyllast ut av anleggskonsesjonær. Der det er ein annan aktør som driftar nettet for anleggskonsesjonæren, er det denne aktøren (utleigar) som skal fyller ut skjemaet.
2. Radioen som søker om innhaldskonsesjon må i vedlegget gje opp lengda på transmisjonsavtalen som er inngått med anleggskonsesjonær eller utleigar. Fyll ut frå/til-datoen for perioden avtalen gjeld for. Medietilsynet vil setje same utløpsdato for innhaldskonsesjonen.
3. Der ein annan aktør driftar nettet for anleggskonsesjonæren, og denne aktøren deretter leiger ut kapasitet vidare («fleire ledd i kjeda»), gjeld følgjande:
 - Vedlegget skal alltid underskrivast av siste ledd i utleige-kjeda
 - Dersom det er fleire ledd i utleigeforholdet må det opplysast om kven som har inngått slike avtalar. Dette skal gjerast i vedlegget, i tekstboksen som heiter «andre opplysningar».
 - Det må i tillegg leggjast ved skriftlege og signerte stadfestingar for kvart slikt avtaleforhold.
 - Stadfestingane skal innehalde informasjon om lengd på avtalen, der mykje kapasitet som er utleigd, og at det er gitt fullmakt til å leige ut denne kapasiteten vidare.
4. Det er alltid anleggskonsesjonær som står ansvarleg overfor styresmaktene for at konsesjonsvilkåra blir følgde. Dette gjeld uavhengig av om anleggskonsesjonæren har gitt fullmakt til vidareutleige i nettet.